

Til grunneigarar langs Kvitebergsvatnet og Hytteelva



Alsaker Fjordbruk AS
5694 ONARHEIM
Telefon : 53 43 01 09
Telefax : 53 43 01 01
Dir. tlf. : 53 43 01 09
Mobil : 99 21 01 09
Org. nr. : 979 494 009
www.alsaker.no

Dykkar ref. : 202502924-21

Vår ref. : Kristian Råsberg

Dato : 18.03.2026

Ølve Bruk AS / Alsaker Fjordbruk AS
Oppdatert søknad om fornya konsesjon for Ølve Bruk AS etter vannressursloven § 8 for uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet i Kvinnherad

Me viser til ovannemnde sak, og sender med dette revidert søknad om fornya konsesjon.

Etter befarung var det semje om at normalvannstanda ligg på om lag kt +9,25, og ein har revidert søknaden med at ein då søkjer om oppdemming med 0,25 m, dvs til kt +9,5, som då gjev eit omsøkt magasin mellom kt +7,9 LRV og +9,5 HRV.

Dei opphavlege føresetnadane ligg til grunn, men ein har utdjupa søknaden i høve til dei punkta som NVE bad belyst i samband med synfaring. Me går gjennom desse nedanfor:

Normalvannstand er endra til kt +9,25, og skildring av oppdemming med 0,25 m er belyst i revidert søknad. Det er gjort ei vurdering av kulturminne i søknaden sitt punkt 3.10.

Me viser også til vedlegg med høgdebolt HRV innmålt på kt +9,50, der vasspegl òg framgår.

Reguleringshøgde ligg fast då det vil vera særst få tilfeller at anlegget vil ha behov for å gjera seg nytte av heile magasinet. Søkjar har lang erfaring med drift av settefiskanlegg, og regulering av vassdrag, og har gode rutinar for vassparing – og iverksetting av ekstraordinære vassparingstiltak.

Søknaden er supplert med skildring av perioder med høgt/maksimalt uttak og perioder med høg biomasse i anlegget. Dette er vist med månadsvariasjon i forbruk og biomasse, punkt 2.3. Anlegget vil vera basert på hybrid-/RAS-teknologi, og vera sjøvassbasert for gruppene som nærmar seg levering. Dette sikrar stor grad av moglegheit for sparing av ferskvatn, både gjennom resirkulering, samt lufting og oksygenering av driftsvatnet. Me viser også til skildra avbøtande tiltak.

Dagens røyrleidning til Ølve Bruk AS er ut i frå lokale tilhøve (fall, bend, ruheit) berekna å ha ein maksimalkapasitet som samsvarar med omsøkte volum når leidninga er nært fullt utnytt i sitt tverrsnitt. Bruk av mindre trykksetting må påreknast dersom magasinet vert meir aktivt nytta. Leidninga er ut i frå tilstand og gods funnen å ha ei restlevetid som overstig 10 år, og ein søkjer difor ikkje om endring i vassdrag.

Minstevannsløpp, fiskevandring, flomluke og storlom

Punkt 4.1, 4.2 og 4.3 om avbøtande tiltak er utdjupa for å betre belyse vandringstilhøva, og korleis ål og aure er planlagt ivareteke. I tråd med ynskja frå synfaringa kan eksisterande dam opprustast med flomluke. Tiltak knytt til fuglearten storlom framgår i søknaden punkt 4.4.

Med venleg helsing

Ølve Bruk AS / Alsaker Fjordbruk AS

Kristian Råsberg
Samfunnskontakt
kristian.rasberg@fjordbruk.no

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk AS

Alsaker LFC
Holding AS

Alsaker LFC
Service AS

Beinved
Bruk AS

Bjølve
Bruk AS

Bolstad
Bruk AS

Fjelberg
Fjordbruk AS

Fjøn
Bruk AS

Fjordbruk
Service AS

Fjordbruk Service
Holding AS

Nordsjø
Fjordbruk AS

Onarheim
Bruk AS

Røvær
Fjordbruk AS

Salar
Bruk AS

Viking
Fjord AS

Ølve
Bruk AS